

Klage på Alver kommune sitt avslag om dispensasjon og deling gbnr. 351/13 Landsvik .

Dykkar ref: 21/8553-22/13854.

Administrativt vedtak: Saknr. 188/22.

Kommunen ved sin sakshandsamar opplyser at deling ikkje vil vera til hinder for landbruk/skogbruk, Naturmangfaldlov, eller friluftsføremål tilknytt sjø. Det er gitt avkøyring til fylkesveg, det er gitt førehandsløyve til utslepp og tilkopling til kommunalt vatn kan påreknast. I tillegg ligg parsellen tett inntil eksisterande hytteområde og er nabo til 3 tidlegare frådeltte hyttetomter som det pr. i dag ikkje er bygd på. Omsøkt parsell er såleis ei fortetting og dermed ei betre utnytting av området som pr. i dag er nytta til hytteområdet.

Sakshandsamar har merknad til at ei parsellen ligg på ei høgd der ei hytte vil bli eksponert i landskapet. Ved plassering av hytte som vist på kart, sjå vedlegg, vil ein sjå at ei hytte kan plasserast slik at ho ikkje vil bli eksponert i terrenget slik at dette argumentet fell bort.

Vidare viser sakshandsamar til at frådelinga vil vera i strid med kommuneplanen som har hatt ein lang prosess for si godkjenning og at dispensasjon for hyttetomt i LNF-området vil kunne skape presedens for andre framtidige søknader. Klagar sin merknad til dette er at alle dispensasjonar gitt frå kommuneplanen kan skape presedens. Dersom slik presedensvurdering skal leggjast til grunn kan ein likegodt ta bort heile dispensasjonstilgangen. Ein dispensasjon er sjølvsgd i strid med kommuneplanen. Dersom dispensasjonen ikkje vil vera i strid med planen hadde det sjølvsgd ikkje vore naudsynt med dispensasjon. Denne vurderinga frå sakshandsamar bør derfor ikkje leggjast særleg vekt.

Sakshandsamar meiner vidare at oppretting av denne tomta vil endra ålmenta si tilgang til natur og turområde samt endre grønt strukturen gjennom privatisering ved bygging på parsellen. Merknad til dette er at området ikkje er turområde. Dersom nokon er i tvil bør synfaring gjerast. Ålmenta nyttar ikkje området og det er og lite tilgjengeleg for ålmenta. Sakshandsamar si vurdering er ein påstand som neppe kan påvisast og er lite objektiv.

Sakshandsamar meiner : Sitat:» Etter administrasjonen si vurdering er det fordelar for hyttene i området at omsøkt areal ikkje vert bygd på « Sitat slutt. Merknad til dette er at ingen av naboane har hatt merknad til frådelinga. Sakshandsamar si vurdering er her rein synsing og kan derfor ikkje vektleggjast.

Vurderinga til sakshandsamar om at vilkåret for å gi dispensasjon skal vera klart større enn ulempene ikkje er stetta er og ei subjektiv vurdering basert på sakshandsamar si synsing og skjøn. Vurderinga kan like godt vera det motsett om at dispensasjon her gir større føremoner enn ulemper enn ved å ikkje gi dispensasjon. Føremonen er at området som i dag er eit aktivt brukt hytteområde blir betre utnytta ved ei fortetting som dette. Ein kan ikkje sjå at det er til ulemper for nokon . Samla sett, etter klagar si meining, vil derfor

føremøntene ved å gi dispensasjon vera større enn ulempene slik at vilkåra for å gi dispensasjon frå LNF området i kommuneplanen for omsøkt frådelling vil vera til stades.

Statsforvaltar har uttalt seg negativt i saka. Statsforvaltar skal etter Pbl. sjå til at dispensasjonar ifrå arealføremål LNF i kommuneplanen ikkje vesentleg tilsidesett nasjonale og regionale interesser. Klagar kan ikkje her på nokon som helst måte sjå at omsøkt dispensasjon for frådelling av ei hyttetomt, som ei fortetting i eit aktivt brukt hytteområde, skal vesentleg tilsidesette regionale og/eller nasjonale interesser. Ein dispensasjon vil heller ikkje, etter klagar si meining, tilsidesette kommunale interesser i dette området.

Klagar ber derfor om at klagen på administrativt vedtak i sak 188/22 om ikkje å gi dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen vert tatt til følgje og at søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen samt frådelling av omsøkt parsell vert godkjent.

Frekhaug 11.05.22

For tiltakshavar og klagar

Jens H.N.Bjordal.

Ansvarleg søkjar.